

AT SKOG SA  
Postboks 116 Sentrum  
3701 SKIEN

---


<b>Dato</b>	14.10.2022
<b>Vår referanse</b>	2022/89961-1
<b>Dykkar referanse</b>	
<b>Sakshandsamar</b>	Lillian Bakke Byrknes
<b>E-post</b>	Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no
<b>Telefon</b>	45638702

## Varsel om moglege ulovlege forhold - fv. 5308 Melandsvegen - gnr. 314 bnr. 43 og bnr. 48 - Alver kommune

Vi er blitt gjort merksam på at det ligg tømmer langs fylkesveg 5308 Melandsvegen.

Vi har mottatt kopi av løyve for arbeidsvarsling som er gjeve av Statens vegvesen datert 23.09.2022. I søknaden for arbeidsvarslinga står det som tilleggsinformasjon at «tømmeret skal legast 5 meter frå vegkant slik at sikt og tilkomst er sikra. Tømmerbil står på kvite stripa»

Vi er positive til at tømmeret skal ligge minst 5 meter frå vegkant. På staden er sikkerheitsavstanden til vegen 3 meter frå vegkant, og tømmeret må difor ligge minimum 3 meter frå vegkant.



Bilete teke på staden og kartutsnitt frå fylkesatlas

Slik vi ser det så ligger dette tømmeret også på fylkeskommunal eigedom, noko vi ikkje har motteke søknad om eller gjeve løyve til. Vi vil vise til § 57 i veglova som seier «På eigedomsområdet til offentleg veg er det forbode utan løyve frå vegstyresmakta (...) å legge tømmer».

Vi ber om at de sender inn søknad for løyve for lagring av tømmeret på fylkeskommunal grunn, og at de flyttar tømmeret lengre vekk frå vegen så snart som mogleg. Frist vert sett til **21.10.2022**.

Som tilleggsopplysing er det viktig at de ryddar vegbana, det kan ikkje ligge så mykje «rusk» frå tømmeret slik som det gjer no. Dette må ryddast fortløpande dersom det vert slik kvar gong de køyrer vekk tømmer frå staden.

Med helsing

**Kari Elster Moen**  
leiar  
INV - Forvaltning Bergensområdet

**Lillian Bakke Byrknes**  
rådgjevar  
INV - Forvaltning Bergensområdet

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskreven underskrift*

Kopi til:

STATENS VEGVESEN

Postboks 1010 Nordre Ål

ALVER KOMMUNE

Postboks 4